

17. mai i blekk og blod

Kronikk, Dag og Tid 5. Juli 2013

17. mai 2014 bør ikkje berre markerast som tidlegare syttande mai-feiringar. Denne dagen er det to hundre år sidan Grunnlova vart underteikna. Dei som skal arrangera syttande mai 2014 bør ta høgde for det.

Feiringa 2014 bør få med seg det historiske utgangspunktet for seinare feiringar. I 1814 hadde ikkje nordmennene nasjonalflagg. Krossflagget i fargane frå den franske revolusjon vart først offisielt vedteke i 1898. *Ja vi elsker* skriv seg frå 1859. Barnetoget har og sine røter frå slutten av attenhundretalet.

Flagget frå 1814 var eit dansk flagg med norsk løve i øvre firkant; sidan kom fleire variantar med svensk tilknytning. I den utstrekning nordmenn gjekk i tog på den tida, var det helst i militærparadar der soldatane song lokale kampsongar. (Trønderane kunne til dømes syngja *No marsjera burt mangin døgtung kar, dei nordafjells gutan er rettelege rar...*)

Våren 1814 var nordmennene framleis i krig med Sverige. Den endelege fredsslutninga med Sverige kom først 4. november, som eit resultat av forhandlingar på Moss mellom øvstkommanderande for dei to hærene.

Tilbake til forhandlingane på Eidsvoll som resulterte i grunnlova av 17. mai 1814. Noreg hadde på den tida knapt nokon adel. Overklassa i Noreg bestod av borgarlege embetsmenn, som kunne samtala med frie bønder som kunne lesa. Grunnlova må sjåast i dette perspektivet. Det eineståande ved den norske Grunnlova var at ho ikkje berre la grunnlaget for ei nasjonal frigjering. Her finst det parallellar også i andre land. Demokratiseringa i hundreåret

som følgde var heller ikkje Noreg åleine om. Men at nasjonsbygging og demokratisering kunne trekkja saman, i det som vart ein del av moderniseringa, det er eit sersyn. I dei fleste land har nasjonal og demokratisk samfunnsforståing vore motsetningar, som ofte har ført med seg blodige konfrontasjonar.

Dette gjeld også Sverige. Der den norske nasjonsbygginga var folkeleg og egalitær, vart den svenske meir aristokratisk og hierarkisk. (I norske folkeeventyr er det Oskeladden som er helten, i svenske er det helst Prinsen.) Den svenske nasjonalkjensla har i stor utstrekning hatt eit utgangspunkt i *minnen från fornstora dar*, då krigarkongar som Gustav Adolf og Karl den 12 la store landområde inn under svensk styre. Utgangspunktet for skilnaden mellom svensk og norsk nasjonalisme skriv seg frå Gustav Vasa som, i motsetnad til Olav Engelbrektsson, greidde å frigjera landet frå Danmark alt på 1500-talet.

Den kungliga svenske nasjonalkjensla vart lenge opplevd som ein styrke. Men dette var ein sårbar styrke. I våre dagar blir både Gustav Adolf og Karl den tolvte sett på som udemokratiske herskarar, med til dels terroristiske trekk. Sverige år 1650 har i ettertid vorte rekna som Europas mest krigerske stat. Under siste krigen kom Noreg og Sverige til å skilja lag. Noreg kunne stilla med ein tankflåte på alliert side som på sitt meste frakta førti prosent av all olje til England – like mykje verd som ein million soldatar, uttalte utanriksminister Anthony Eden. Svenskane på si side heldt fram med å selja jarnmalm og kulelagre til Tysland – av uvurderleg bidrag for den tyske våpenindustrien, uttalte den tidlegare tyske rustingsministeren Albert Speer då han var i Noreg på 1970-talet.

Kort sagt, feiringa av svensk nasjonalisme vekker i dag mange slags kjensler, i det minste mellom opplyste svenske intellektuelle. Dei vil heller at svenskane bør knyta sin identitet til "prototypen på det moderne". Samstundes har dei kome til å sjå med skepsis på alle former for "nasjonalisme".

Sist ute i så måte var Henrik Arnstad som med boka *Ålskade fascism* gjekk til åtak på nordmenns "flaggvifting" og måten vi feirar syttande mai på. Etter hans syn står all nasjonalisme i fare for å enda i fascisme. I den samanhengen hevda han at også nynorsken kunne vera farleg, ettersom den er uttrykk for ein slik nasjonalisme. På norsk hald er desse påstandane vorte blankt avviste. Utan norsk nasjonalkjensle hadde motstandskampen under siste krig vorte heilt annleis. Når det gjeld nynorsken, kan det bli hevda at Nordvestlandet, der nynorsken har stått sterkast, også har representert dei distrikta der nazistane fekk minst oppslutning.

Det går an å bli både fornærma og forbanna over skriveria til Arnstad, som mellom anna har fått oppslag i Dagens Nyheter, ei avis som alle svenske intellektuelle må forhalda seg til. Ein annan reaksjon hadde vore at vi kjende oss friare til å leggja opp til ei syttande mai-feiring for 2014 som ein del svenskar kan finna støytande.

Vi kunne trekkja fram Henrik August Angell som skreiv hovudverket til førre hundreårsmarkering i 1914: *"Syvaars-krigen for 17 mai 1807 – 1814"*. Angell rekna ut at den norske hæren i 1814 aldri var på under 34 000 mann, av dei 4 600 "gevorbnene". Resten var stort sett ein bondehær. Det går an å tvila på om Agell rekna riktig, men ikkje på konklusjonen hans: Bøndene gjorde her ein stor innsats for å verna dei skrivande på Eidsvoll. Utan dette

innslaget hadde knapt forhandlingane på Eidsvoll late seg gjennomføra. Det store innslaget av bondesoldatar i nasjonens teneste talar også imot den oppfatninga at bøndene før 1814 ikkje hadde nokon norsk identitet å snakka om.

Dette var ikkje einaste gongen nordmennene kom til å stå under våpen i forsvar mot svenskane. 17. mai 1814 var ei norsk samling om ei norsk Grunnlov, ei lov som svenskane om nødvendig ville mobilisera til offensiv krig for å hindra at den frå og verta vedteke. Det var først etter fredsforliket i Moss at svenskane godtok den norske grunnlova , med ein del rettingar. Før den tid hadde vi vore i tretten krigar mot Sverige, utrekna under "*Liste over Kriger i Norge*". På andre plassen kjem Storbritannia med fire krigar.

Henrik Angell overdreiv kanskje då han skreiv "så godt som uten mat og klær, i bitende kulde og med dårlige våpen satte de livet på spill i kampen for nasjonal selvstendighet, og de lyktes." Men han kunne ha rett då han skreiv: "Vi vil mindes at 17. Mai og grundloven ikke er skrevet med blekk alene, men også med blod."

Det er som nemnt ein fare for at mange i dag vil sjå bort frå dei militære vilkåra for Grunnlova. Kan hende kunne ein militærparade med uniformane få 1814 balansera dette. Aldri har norske uniformar vore meir fargerike enn den gongen.